Notat

Norconsult

Oppdragsgjevar: **Sognekraft AS**
Oppdragsnr.: **5154545** Dokumentnr.: **03**

Til: Sogndal kommune, Plan og næring v/Hilde Helene Bjørnstad
Frå: Tone Kvåle
Kopi: Sognekraft v/Elisabeth Stokkenes
Dato 2019-02-20

Vurdering av innkomne merknader - detaljreguleringsplan for Kaupanger transformatorstasjon

Sogndal kommune har i brev av 14.02.2019 bede om ei vurdering av innkomne merknader frå NVE, Sogn Terrengsykkel og Statens vegvesen i samband med avgrensa høyring av mindre reguleringsendring for Kaupanger Transformatorstasjon.

Nedanfor er kvar av merknadene oppsummerte og vurderte.

Merknad	Vurdering
NVE • Har ikkje merknader til saka utover innspel som vart gitt i samband med oppstart og høyring av gjeldande vedteken reguleringsplan. • Merknad gitt tidlegare går på tilhøvet til flaumfare og vidare at anlegget skal konsesjonshandsamast etter energilova. Konsesjonshandsaminga vil ikkje vere bunden opp av plankart og føresegner etter plan- og bygningslova. • NVE peikar i denne fråsegna på at eksisterande regionale leidningsanlegg og transformatorstasjon skal avsettast som bandleggingssone etter anna lovverk, kode 740.	Merknaden til oppstart frå NVE gitt til gjeldande plan er innarbeidd og teke omsyn til i gjeldande plan og vidareført i reguleringsendringa. Det er gjort vurderingar i planomtalen og ROS-analysen som følgjer det vedtekne planframlegget. Utviding av stasjonen har ikkje konsekvensar i høve til flaum. Flaum vil vere eit tema som vert følgt opp i samband med vidare detaljprosjektering av stasjonen. Sognekraft har søkt NVE om konsesjon for anlegget. Saka er til handsaming, og er for tida på høyring. Høyringsfrist 25.mars 2019. Merknaden i samband med tidlegare offentleg ettersyn er handsama av kommunen før gjeldande plan vart vedteken. Koding av areal med H740 er ved forrige handsaming i kommunen tolka til å gjelde kun eksisterande anlegg. Dersom merknaden er tenkt å omfatte også framtidige anlegg og areal til transformatorstasjon og linjetrasèar, kan dette enkelt rettast opp i plankart og føresegner før administrativt vedtak i kommunen.
Sogn Terrengsykkel • Peikar på at det er lagt ned hundre til fleire tusen timar i bygging av sykkelsti på Kaupanger. • Dei ønskjer at Sognekraft bidreg til bygging av ny omlagt trasè, og ikkje berre eit areal stilt til rådvelde for bygging av ny trasè på eigen innsats.	Eksisterande sykkelsti vart «råka» som del av gjeldande plan. Utviding av tomt for trafostasjon i denne endringa, medfører at stien må flyttast noko meir, over ei noko større lengde enn i opprinneleg plan.

• Dei ønskjer at tiltak vert samordna med bygging av transformatorstasjonen, t.d. ved bruk av maskiner som då er i området. • Synfaring og skisser til løysing må skje i neste fase, i samband med bygging.	Gjeldande plan- og reguleringsendring opnar opp for at det kan etablerast sykkelløype i arealet regulert til Landbruk, men seier ikkje noko om når eller kven. Dette er privatrettslege forhold som ev. må løysast gjennom avtalar utanfor denne reguleringsprosessen. Sognekraft ønskjer ein god dialog med sykkelklubben, og stiller gjerne på synfaring der grunneigar også er med for å sjå på tilhøva og drøfta løysingar og mogeleg samarbeid. Så vidt Sognekraft er kjende med, føreligg det pr. i dag ingen avtale mellom grunneigar og Sogn Terrengsykkel om sykkeløypa og rettar knytt til denne.
Statens Vegvesen • Ønskjer at stasjonen vert trekt så langt nord som mogeleg av omsyn til muleg framtidig trasè for ny riksveg gjennom Kaupanger.	Det er sjølvsagt mogeleg å justere tomta noko lenger opp i terrenget, men her stig terrenget meir, og det inneber brattare stigning på veg, og større terrenginngrep i bakkant. Opprinneleg tomt er vedteken gjennom tidlegare plan, og plasseringa er gjort ut frå ei nøye vurdering av kvar i terrenget det er best å plassere stasjonen. Det best eigna tomtearealet er plassert på bakgrunn av innmålte stikk som var sett i terrenget for optimalisering av tomta. Ei forskyving av tomta er difor ikkje ønskjeleg for Sognekraft ut frå dei terrengmessige tilhøva. Avstanden til ein framtidig riksvegtrasè vil bli ca 200m slik førebels veglinje frå SVV viser. Vi kan ikkje sjå at det skulle vere nokon konflikt med denne løysinga, eller noko hinder for Statens vegvesen om stasjonen vert plassert slik reguleringsplanen viser. Slik Sognekraft ser det, vil plassering av ny riksveg i denne avstanden heller ikkje utgjere nokon risiko for transformatorstasjonen

Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent
J01	2019-02-20	For bruk	TMK	JOHM	TMK

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.